

MØTEREFERAT 6. DESEMBER 2022

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Tysdag 6. desember 2022 Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Jørgen
Opning:	Marta Kristin

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Møtte: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Jens Arne Stautland, Karen Marie Valvatne, Ingebjørg R. Grønsdal, Randi Bod Haugsdal, Jørgen Knudsen
Forfall: Heine Kaldefoss, Katrine Valvatne Kvernenes, Kristine Wiersen, Ståle Betten,

SAKLISTE

2022/46 - 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.

2022/47 - 012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 20.10.2022 vedlegg 1

Vedtak: Godkjent.

2022/48 - 002.31 Soknerådssval 2023

Saksutgreiing:

Soknerådssval 10. og 11.09.2023. Soknerådet må utnenemn valstyret og nominasjonskomite

Vedtak: Soknerådet er valstyre. Oddbjørg er leiar i nominasjonskomite. Heine og Reidunn er med i komiteen.

2022/49 - 002.3 Val av soknerådleiar

Saksutgreiing:

Soknerådssleiar er valt for eit år om gangen. Me treng leiar for 2023

Vedtak: Marta Kristin stiller som leiar. Oddbjørg stiller som nestleiar.

2022/50 - 002.3 Datoar for Sokneråd og AU våren 2023

Saksutgreiing:

Soknerådet må laga ny plan over soknerådsmøter og AU.

Vedtak:

Døgnet 13.-14.01.

AU 12.01. og SR 07.02. invitere diakon

Årsmøte 12.03.

AU 09.03. og SR 11.04. invitere kantor

AU 25.05. og SR 13.06. invitere trusopplærarar

2022/51 - 002.0 Val av biskop

Saksutgreiing: Soknerådet har ei stemme i val av biskop.

Vedtak: Nysæter sokneråd har nytt møte 13.12. kl 17.00. Der ein vedtek kva bispekandidat soknerådet skal stemma på.

2022/52 - 353 Søknað frå Sanctus

Vedlegg 2

Saksutgreiing:

Sanctus søker om koronastøtte.

Vedtak: Soknerådet støttar Sanctus med 10.000,- kr

2022/53 - 317 Biskopen sitt prosjekt på Cuba

Saksutgreiing: Biskopen ynskte ikkje noko gåver til seg sjølv når han slutta som biskop. Men han ynskte eit bidrag til kyrkja på Cuba som Bjørgvin bispedømme har kontakt med. Eit vennskapsprosjekt som skal fortsetja. Skal Nysæter sokneråd gi ei slik gåve?

Vedtak: Soknerådet tek dette prosjektet med som eit takkoffer i ei gudsteneste tidleg i vårsemesteret.

2022/54 - 365 Unge Vaksne i Nysæter

Saksutgreiing: Ei gruppe med unge vaksne ynskjer å starta eit arbeid for denne målgruppe. Dei vil ha samlingar i kyrkja annakvar veke. Dei ynskjer at det skal bli sosiale samlingar med andakat og servering. På nokre samlingar ynskjer dei å ha bibeltime.

Vedtak: Soknerådet støttar dei unge vaksne som vil starta dette arbeidet. Soknerådet har midlar og ynsker å støtta dette flotte arbeidet.

2022/55 - 317 Gudstenestelista og takkofferliste.

Saksutgreiing: Soknerådet må vedta gudstenestelista og takkofferlista til våren.

Vedtak: Soknerådet godkjenner lista for 1. halvår 2023 med dei endringane som kom fram i møtet.

- **Generell informasjon**

1. Jubileumsgudstenesta.
2. Kva skjer framover. Litt utfordringar med prest utover våren, når Reidar ikkje er på. Ny dato for kyrkjelydsfest? Me ventar til me har ein god plan for kva me ynskjer med kyrkjelydsfest.
3. Jørgen informerer frå staben. Solveig Høyland har fått tilbod om stilling innan diakoni og trusopplæring. Anne B Nilsen er sjukemeldt. Solveig har vore inne som vikar på julevandringar no i adventstida. Staben har i haust hatt tre samlingar for å jobba med arbeidsmiljø. Fellesrådet har pålagt staben dette arbeidet.
4. Leikekrok i Nysæter kyrkje. Har kome ynskje om ein leikekrok. Ein hurtigarbeidande komite har laga til ein krok til venstre heilt bak i kyrkja. Nå er utstyret på plass.

- **Skriv, referat og meldingar**

1. Referat frå Stord sokneråd 08.11.22
2. Referat i Fellesrådet 09.11.22
3. Referat frå Trusopplæringsutvalet 25.10.22
4. Referat frå Diakoniutvalet 16.08.2022

vedlegg 3

vedlegg 4

vedlegg 5

vedlegg 6

Marta Kristin Valvatne
soknerådsleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd

Tid: 7. februar 2023 kl 17.00-19.00

Møtestad: Nysæter kyrkje

Opning: Katrine

Kaffi: